



Kjekk og sporty familie i Beinavikjo!

For meg er Noreg eit paradis fordi landet har så fin natur og snille og hyggeleige folk.

Det seier Natasa Cossutta (38) frå Trieste i Italia som bur saman med familien i Beinavikjo i Uskedalen. Akkurat no har også heimlandet ei høg stjerne fordi Italia trillar ball mot toppen i Europa. uskedalen.no registrerer ikkje noko ekstremt engasjement for Super-Mario og dei andre på laget. Men familien er naturleg nok overbevist om at Italia vinn, heilt enkelt fordi dei er best.

Natasa, mannen Blerim (38) Muslio og dei 4 ungane Valentina (12), Redon (7), Rigon (5) og Dionis (1) tykkjer dei har det bra i Uskedalen.

Den trivelege familien har berre godord å servera i tillegg til ein pizza-invitasjon som vi nok skal ta imot når det høver seg slik. Blerim kjem frå god jobb hos Hoem på Sunde og han er samd med kona når ho også seier at dei bur bra sjølv om 8000 i månaden er ein vaksen sum.

Han har 10 år bak seg i Tyskland og kom til Noreg og Kvinnherad ved eit reint tilfelle. I 2003 vitja han ein kamerat på Husnes under eit ferieopphald og dermed var det gjort. Familien har ingen planar om å dra attende til Trieste på noko anna enn ferie sjølv om heimbyen ligg lengst inne i Adriaterhavet ein times køyring frå Venezia.

Det er ein sprek og sporty familie. Blerim er tysk meister i kick-boksing og no trenar han fotball både torsdagar og fredagar. Valentina er friidrettsentusiast og Natasa legg også vekt på å halda formen vedlike.

Dei har sjølvsagt sett alle Italias kampar og følger med i bravadane til storklubben Udinese som har basen sin berre 3 mil frå Trieste. Men tradisjonelt heiar dei mest på Roma der Totti har vore den store.

På TV får dei inn 7 italienske kanaler - det er med andre ord ikkje det minste problematisk å sitte i paradiset Noreg og sjå kva som skjer i Italia!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen